

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2 Fylke: Sør-Trøndelag
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Støren
 Emne: ~~Hønsport~~ Hønsport av høy Bygdelag: Haukdalsgrenda
 Oppskr. av: Jens Haukdal Gard: Sørstua
 (adresse): Snøan st. G.nr. 59 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
 Etter samrøde med fleire eldre folk i grannelaget.

SVAR

Bruksmåten er noko ansleis på dei større gardane enn på småbruk og husmannsplassar. Så å segja alt høyet på gardane blir køyrd heim med hestekraft. Småbruk og husmannsplassar brukar før det meste handvogn og børtang.

Markaslåtten er framleis noko i bruk. Det er her småbruk og husmannsplassar skaffar seg det sauehøyet dei treng. Men reint økonomisk sett spel ikkje markaslåttane på langt nær den same rolla no som for 50 - 60 år sidan.

Gardane slutta med markaslåtten for 40 - 50 år sidan. Og mang ei utslåttløe og mang ei stakksto vart lagde ut til gløymsla. Dette kom mykje av dei nye og meir intensive driftsmåtar som med kvart vann seg fram - ein sterkare bruk av heimejorda, meir maskinor - etterdønningane av 80-åra som innvarsla ei ny æra for norsk jordbruk.

Ein annan medverkande årsak vår minken på arbeidshjelp i jordbruket. Først den store utvandringa som for alvor tok til mot siste halvta av føre hundraåret og så i det hundraåret vi står midt oppe i - den katastrofale flukta av arbeidskraft frå bygdene og inn til industri-sentra. Desse to faktorane - utvandringa og flukta inn til byane er det same som å kutta livåra i det norske bondesamfund. Det er det beste og mest verdefulle blod som er runne bort og som framleis tappast. Det er frå jordbruket i allefall dei 90 % er komne. Vi veit korleis husmannsplass etter husmannsplass - ja gardar med vart ståande utan røyk frå pipa. Jorda gav nok like viljug, men prisane på varone gav ikkje det brukaren hadde rimeleg krav - nemleg den prosentvise del som jordtrelane burde ha av nasjonalinnkoma om jamstelling i samfundet skal herska.

Vanskane i jordbruket har auka minst dobbelt proposjonalt med auken i industrielle verksemdar. Og det ser ut til at jordbruket er pensa inn på sporet som fører lukt i dauden for heile næringa.

Det blir i allefall for dyrt å driva markaslått. Småbruka vil nok halda på med markaslåtten enda noen år. Det går så lenge dei eldre driv bruket, men dei yngre ser i dei fleste høve liten utveg til å halda fram. Pengane flyt så mykje lettare og sikrare inn andre stader.

Ein kan ikkje segja at markaslåtten har halde seg lenger på dei mindre enn på dei større bruka. Grensa er her noko flytande. Det fins små bruk som ikkje driv markaslått i det heile og det fins større gardar som framleis førar noko i utmarkslåtten.

Brukarar som ikkje eig hest får høyet sitt i hus med handvogna om sommaren og om vintrane brukar dei skjelken.

I somme høve kan ein slik brukar leiga ein brukar med hest til å hjelpa i eit knipetak.

Frå gammal tid har det vore bruka ymse måtar til transport av høyet fram til løa eller stakkstoa. I fint lende bruka ein hest og markasløe (ein), men det var ikkje alle stader komande med hest og køyredning. Bakkane kunne vera så bratte at ein hadde si fulle hyre med å halda seg fast. Det kunne vera så bratt at ein tok borti bakken med handa når ein stød rak. Gammalkarane hadde alltid isbryddar på når dei slo i slikt brattlende. Her måtte ein ty til ~~bør~~taug, børsvolken, sloin - eller berre riva til transporten av høyet fram til løa eller stakkstoa.

Ein nemner det for å bera høy både med rive, børdaug og børsvolk, men med sloin nemner ein det for "å slo høy". I lende med høveleg halling kunne ein lessa på innåt to hestelass på sloin. Ein lesste attanfrå og framover. Kjemba høyet til med riva " og bar på " som ein segjer i dagleg tale.

Børsvolken laga ein til av ei ung, grann bjørk eller selje, knytte toppane ihop til ei løkkje, bar på ein tri fire kjembor, stakk tjukkenden av svolken igjennom løkkja og drog åt.

Enten ein bar med taug eller børsvolk kjemba ein på så mykje som ein på nokon måte greide bera. Det kunne ofte utarta seg til den reine kappestrid millom karane i å bera den største bora. Om det gjekk retteleg hardt med denne jutulberinga såg ein berre eit høyllass som larka framover mot løa. Ein såg korkje føtene eller hovudet på beraren.

Når ein ber med taug har ein tauget over akslene omlag som når ein ber med sekk. Beraren må ha hjelp til å reisa seg med bora. Hjelparen kan stå enten framfor eller bak.

Bonna var med i arbeidet så snart dei kunne gjera nytte for seg - ja dei låg nok med lenge før det var noko mon i det dei gjorde. Det er alltid så gildt å vera med han far - og i mange høve er det vel aller gildast den tida ein berre ligg i vegen og heller sinkar arbeidet.

Snorsekk til å bera høy i er ikkje kjend her i grenda. Kipe og trillebår er heller ikkje bruka, men berebår har vore og er framleis i bruk. Løpestreng har eg ikkje høyrd gjete her.

Berebåra er oftast berre to noko lange staurar som ein legg på marka med høveleg millomrom og kjembar høyet ihop og ber på. Er det fint høy kan ein ferja på eit lag med kvist slik at høyet ikkje ryr av.

Reidskap ihopsett av fire langsgåande stavar er ikkje kjend her i grenda.

Det høyet som vart hausta lagleg til vart køyrd heim på sommarføret - så sant det var rom for det i heimehusom. Men i dei eldste tider da driftsmåten var sers eksten-siv - i reitbruktida, da var det å køyra høyet frå ut-slåttane heim på vinterføret.

Her i grenda har ein alltid bruka langvogn til høykøyrin-ga. Firehjulsvogna er for tung i brattlandet og høver best på flatare jord. Det er ikkje mange bruka her som har såpass mykje flatjord at dei finn å kunne nytta an-na enn langvogn. Og sjøl dei bruka som har mest berre flat jord, brukar langvogna. Det er tradisjon i det. Anna nemning enn "langvogn" er ikkje kjend.

Vognbåra er noko over ein meter breid og kring to meter lang. Det kan ymsa noko frå vognmakar til vognmakar da kvar av desse hadde si eiga maksel på vognane, men så svært stor skilnad på måla var det ikkje. Ein har høyrd gjete at ikkje alle vognane gjekk like godt. Kruminga på armene hadde mykje å segja her og det skulle ikkje så lite praktisk skjønnt til å få laga ei vogn som fylde alle krav. Ho skulle vera lett, men samstundes sterk. Og elles var det mangt og mykje som berre den røynde køyrekaeren kjende til.

Nemninga slede (sløe) brukar ein berre om køyredoning på meiar. Ein skil millom sløe og støtting. Sløin brukar ein til høykøring og anna lasskøyring om vinteren, men støttingane brukar ein til ved- og tømmerkøyring. Ei don- ing som hjulslede er ikkje kjend her i grenda.

Skoing på meiane bruka ein både på sommar- og vinterføre, men ein må merka seg at skoinga for vinterføre var jarn- eller stålstenger og for sommarføre var det eit eller anna slag hardved. Mest vanleg var bjørk, hegg, einer eller alm.

Denne streskoinga festa ein med trepluggar og skoinga vart først på-sett når dei gamle meiane var så mykje nedslitne at det var rådlaust å køyra lenger utan sko- ing. Det fans nok ein og annan slarken som ikkje ansa på å sko i tide. For han vart det berre så mykje meir arbeid å laga seg ny sløe når den gamle ramla ihop fordi eigare en ikkje vølte med det enda var tid for det.

I slåttenget på Halguttumarka der det vekslar millom opplendt, sidlent og myrlendt mark var det ymse tradisjons- bundne reglar for bruksmåten. Og alle i grenda var nøye med å halda tradisjonen i hevd. Dei sette æra si i å dri- va slik han far hadde gjort det. Ingen måtte koma i eng- et der utan å ha trygn (ein try) på alle fire hesteføt- ene. Dei var redde at trylaus hestefot skulle trampa sund grassvoren. Ein måtte heller ikkje køyra for mange gonger i same faret. Vogn kunne ein heller ikkje koma der med. Ein måtte bruka sommarsløin. Det fans karar i eldgammal tid som heller bar høyet fram til løa eller stakkstoa når dei med det fekk skåna grassvoren for hestetrap og meiegnag.

Til høy- og konnkøyring har ein nytta same vogna - lang- vogna. Når ein køyrde ut hesjefanget, køyrde grøda i hus, konnet til kvenna og henta heim lass frå handlaren - så var det langvogna ein tydde til.

Frå gammal tid var det ingen som bruka grind på langvogna. Ein bruka tong og tongband. Grindane kom i bruk frå 1880 åra og utover, men det tok lang tid innan det kan segjast å vera ållment brukt. Grunnane for dette kunne vera mange. For det først må ein nemna misstrua og tvilen på alt som er nytt. Ein må venta i det lengste til ein er hoggande sikker på at det nye er betre enn det han far bruka. Og om ein kan sjå mange føremunar med det nye så held tradisjonane att. Ein annan årsak finn ein i det at dei gamle låvedørene var så låge og tronge at ei vogn med grind på ikkje kunne koma i gjennom. Grinda kallar ein for "skrind" i dagleg tale.

Skrinda er laga av to endeskrindar som er skruva fast til vogna. Sideskrindane har piggar nest som høver i hol i jarnplator på endeskrindane. Øvst har endeskrindane ei hespe av jarn som held øvre stolpeende av sideskrindane fast.

På eit vanleg lass rekna ein 9 kjembor høy, men ein hadde noko ein kalla storlass og til det rekna ein 12 kjembor. Ei kjembe høy var så mykje som ein vaksen kar kjemba i-hop med riva, svinga opp på aksla og bar fram til lassromet. Lassromet var stader der ein kunne koma til med hest og køyredning.

Under lasset la ein to stenger. Lasset vart kjemba til og klappa ihop slik at regnet ikkje skulle koma nedi - i allefall skulle det ikkje slå så langt inn. Legginga av lass var ikkje kvar mann si sak. Lasset skulle tåla å stå kanskje i dagavis til det vart lagleg tid til køyring. Det kunne ofte gå heile veka millom høying og køyring

Når ein så køyrde høyet feste ein tongbandet til stengene under eine enden av lasset, feste bindetauget til stengene på andre enden og stramma åt. Køyrekaren kom med vogn eller sløe. Lasset vart velta opp på sida og køyredninga vart velta opp og sett innåt undersida av lasset. Så vart det heile velta opp på rett kjøl og hesten stappa jamt framover mot stakkstoa eller løa.

Det var ingen reglar for storleiken på første og siste lasset.

Pussen kring løeholet var alle svert nøye med. Det som var berga måtte ikkje gå til spille, og det vitna om slurv ikkje å fli opp etter seg.

Å slå vel var òg eit krav som gammalkarane sette sers høgt. Det hende at gammalkarane gjekk over slåtteteigar der dei fann slåtten mindre bra, kunne segja: "Det ha mest gått an å slie låttaslått ette døm her" Låttaslåtten arta seg slik at låttkar og eigar tok helvta av høyet kvar. Og ved delinga var dei så nøye på det at dei bruka ei kvass øks og hogg igjennom høystabben midt etter løa. På den måten fekk dei helvta både i kvantitet og kvalitet. Som kjend vil ofte det øvste høylaget bli kleinare enn lenger nedi løa - serleg dersom det har vore brand i det.

Festinga av lasset arta seg ymse om det galdt sommar- eller vintertransport.

Sams for alle lassa var tonga og tongbandet, men på vinterføret kom noko meir attåt. ~~Vor skal også på utstyret for~~

~~Vinterkrenning.~~

Tonga har to tverrtre. Millom desse er fest to mjuke, fjærande, halvkløyvde granstenger. Til dette må ein ha tunne, jamnvaksne unggraner som ein kløyver langs margen. I eine enden er fest eit vidjeband med nesting i kvar ende. Ein til å festa i tonga og ein til å festa i vogna eller sløin. Nestingar og vidjeband var alt saman laga av tynn bjørk. I dagleg tale nemnd: "Vegjo" Bindetauget kallar ein tongbandet.

Har ikkje høyrd gjete anna nemning for festing av lasset enn det å bett på lass, eller berre å bett lasset.

Ein høystakk heldt tri vinterlass.

2 sommarlass vart 1 vinterlass.

Ein bruka 1 nest for sløin.

Fjellslått har ikkje vore vanleg her i grenda, men noen bruk har havt sætra så nær at dei kunne slå noen lass der, men for det meste sette dei bort sætervollslåtten til folk som var bufaste i nærleiken. Fellesslått har eg ikkje høyrd gjete her.

Været og føret sette fast tida for heimkøyring av marka-høyet. Til vanleg vart det inga køyring før på etterjuld-vinteren da veret vart meir stabilt.

Til utstyret hørde tryan på hesteføtene. Desse var for det meste laga etter mål for kvar hestefot. Høvene var ikkje like på alle hestane og klemmone som skulle halda trygane måtte difor lagast etter hova og fjøla måtte ha høla for skogreva på rett rom. Det er fjøltryan som har rådd grunnen her i grenda.

Sløin hadde ein tørka oksepeis sett fast millom meiehovuda. Det var bora hol til han og sett ein pinne gjennom han utanfor kvart meiehovud. Ein oksepeis fest på denne måten nemnde ein for "tuvu" (ei). Til skilnad frå baktuvu som var laga av to vidjeband fest til ein ca. 60 cm. lang boge av reinshonn eller laga av tre, nemnde ein også oksepeisen for framtuvu. Det andre vart fest til bakenenden av sløin med to nestingar. Vidjeband og nestingar i tuvuvu var laga av tynn bjørkrenning på same måte som andre "vegjo".

På sløin låg elles 10 - 12 høyvedar. Høyveden var små-bjørk i same lengd som sløin. Høyvedane var ikkje kvista, men måtte ha kvistane til å halda småhøyet ihop. Ein hadde tri reip som ein nemnde: framrep, merep og bakrep. Først sette ein noen høvelege bjørkekrokar, kappa i høy-eleg lengd og øksa til, over åmeiane inn under yterste remma (langsgåande fjøler) på sløin, la ein høyved på kvar sida og bar høyet utpå. Når ein så hadde lagt på så mykje som ein ville ha på lasset ~~kxxx xx~~ la ein høyvedane langs sidone av lasset og batt fram- og bakrepet. Så batt ein merepet og strekkte i fram- og baktuvu med reipsnata. (reipsnat - reipende)

Da det no er lang tid sidan det var drive markaslått i noko mon finn eg det å vera best og gå attende til den tida markaslåtten hadde nokon større tydnad i gards-

drifta når skildringa av korleis køyredagen arta seg/skal setjast opp.

Ein bitande vindsno av nord - west yler og kvin gjennom dalen. Ullne snøskyer heng i halvdøs over Kvithammarlia. Fullmånen står lågt over Kvithammaren. Ender og gong gøym-er han seg i vindblåsne skyflokar og seglar så fram att i fri rømd.

Nedover mot garden stemmar to husmenn gjennom frostmorgo-nen. Klokka er ikkje mykje over fire enda.

Nede i garden har kona, ho Olava fått vadmestakken på seg og ho driv med å fyra opp på peisen.

Sjøl mannen, han Henrik ligg enda. Tenestguten er alt ute og forar hestane. Karane kom att seint igårkveld frå fer-davegen. Hadde vore på Røros med ei kølvendig og med lass derifrå att til Trondhjem. Kølkgørgjene står enda på sløane utfor troppa.

-No må du opp da kall.....døm kjem snart husmenn og det æ itt verdt at døm tæ deg på senga. Dokk ska vel trøsk tå ein reng på låvam føn dokk fer på kjølan æ von.

Han kjem opp og får klæda på seg.

Da dei to husmenn kjem er både sjøl mannen og tenestguten ferdige til å gå på låven.

Mannen ber med seg i rund jarnlykt som har uthakka små hol i sidone med eit talgljos inni. Ein ser berre ein veik ljosome nærast kring lykta.

Inne på låven er det bekande mørkt. Husest kastar lange skuggar av måneljoset.

Komen inn på låven sett mannen talgljoset i klypa på veg-gen og sett den tomme lykta ifrå seg i eine kråa.

Og så høyrer taktfaste dunk frå låven der karane går rundt i ringen.

Klokka seks kling stallvekkjone i stilla. Mannen sjøl og tenestguten køyrer med kvar sin hest og husmennene føl-gjer med kvar si snøskofle.

Dei skal til kjølløa sør for Ramstadsjøen og reknar ikkje med å vera heime att før seinkvelds.

Det er første turen for iår. Snøen kjem til å vera djup når dei kjem sør for Litjvatnet der ingen har køyrd føre. Difor er dei så mannsterke.

I grålysinga køyrer dei over Ramstadsjøen og kjem inn på høyvegen til Haukbyggene som driv i Ølshavdløkkja. Her er vegen hardtrampa og fin, men så skal dei inn på ei eiga vegleid sørover frå Litjvatnet og tryan må set-jast på hestane.

No går det ikkje så fort framover. All som tidast må dei stansa opp og kvila. Hestane pustar tungt og sveitten renn av dei. Sola er alt oppe, men ho har ingen varme her oppi høgda.

All som tidast flyg rypor opp millom bjørkeriset og einkerkrasane, og ender og gong baskar større skogsfuglar opp og feiar sørover kjølane.

Ein av husmennene snakkar om at dei skulle havt med gevær på turen, men den andre meiner at det er nøgda å dra på lell.

-Nei sjå elgjen.....det æ baske å hanom å sjer det ut te, men så ha n' no skanka å tå seg fram på da den karen.

Og fire elgar renner i veg sørover myr og kjølar. Ei lang stund blir karane ståande å sjå etter dei pene dyra, men hestane ser ikkje ut til å lika seg sers godt. Det er som dei er redde elgane og først når ein av husmennene går fram og leier går første hesten etter i faret.

Ved lœa har dei eit stort arbeid med å moka bort snœn så dei kan koma til å lessa.

Da dei langt om lenge kan gå laus på lessinga er sola ferdig med dagsvingen sin over heimen. Ho hallar seg alt raudleg og urøytt ned mot glaet - og så er det berre ein veiknande rode over Ølshavda som minner om sola. Snœen kvesser på. Det vart kaldare med eitt.

Så ber det heimover. Rypone tar til å kakla og kalla i alle lier. Det er samling til nattvorden.

Framover den lange Ramstadsjøen tar snoen hardare tak. Etter gammal skikk tar karane fram nisteskreppa og får i seg noko mat. Det var tradisjon frå alders tid at her skulle nistematen etast. Ein spara tid med det.

Det skumrar. Karane er komne fram på vegen og det går lettare her enn det gjorde høgre oppe, men dei må vera varsame for det hallar mange stader slik at det kan bera utfor både med hest og lass.

Da dei kjem fram på kleivane er det heilt mørkt, men her er vegen jamnare og finare så det har inga naud.

Velberga køyrer dei inn på tunet heime og inn på lemnen der lassa får stå på til dei har fått seg noko varmt i livet.....etterpå er det å lessa av og gjera køyredoningane ferdige att. I morgon er det ein ny markakøyringsdag.

Slik arta dei seg køyredagane. Først ein omgang på låven med "sluvu", så køyring frå det tok til å gry av dag til mørket jamna ut alle ~~far~~ får, og så gjera alt i stann til den nye dag.

Det var ingen som snakka om åtte timars dag.....eit folk i strid for tilværet - utan stans. Og skal tru om dei ikkje var meir lukkelege i det harde slitet sin tidsalder enn vi i vår oppjaga og vyrdlause tidsbolck der eit mannaliv er utan verd.

Har lagt med svaret ein film med bilete av ei gammal slåttbu. Ein gammal slœe for transport av høyet fram til lœa med hândkraft, står reist attåt lœeveggen. Slœin er grovt tilhoggen av to bjørkekrokar. Det er isett




drøttare i meiehovuca og tverrtrea er fest rett på bjørke-
strangane. Dette reidskapet har eg ikkje høyrd gjete
fleire stader i grenda. Kom over det ein dag eg var inn-
over markaslåttane og såg etter gamle markasledar. Eg
fann denne grove einogne sløin og ein til som var meir
ifra seggjort. Diverse rekk eg berre tatt bilete av undersida
da han stod som stengsle for høyet som var lagt i løa.
Vonar likevel at bilete blir såpass klart at det går
fram korleis denne sløin er laga.

bilde 2

bilde 3
bilde 4


Vidare følgjer bilete av to stykke baktuvu. Den eine
er laga av reinshonn og den andre av tre. Vegjon og
nestinga sitt i.

Handwritten signature



3

5



4